
Saksnr: 2022/12244-1
Saksbehandlar: Audun Bjelland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		16.02.2022
Fylkesutvalet		08.03.2022
Fylkestinget		16.03.2022

Etablering av Nettskulen i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Nettskulen i Vestland vert etablert som eiga eining frå 01.08.22. Nettskulen skal ha eigen rektor.
2. Nettskulen i Vestland sine leiings- administrasjons, undervisningsressursar skal vere lokalisert ved fleire einingar over heile fylket.
3. Nettskulen i Vestland skal ha eit supplerande og utfyllande fagtilbod for alle elevgrupper i fylket. Dei vidaregåande skulane vil vere leverandørar av fag og opplæring som vert tilboden av Nettskulen i Vestland.
4. Finansiering av drifts- og administrasjonskostnader for hausten 2022, kr 1,35 mill.kr. må innarbeidast som ein del av tertialrapport 1 /2022. Vidare finansiering må innarbeidast som ein del av budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026.

Samandrag

Forprosjekt for Nettskulen i Vestland (Nettskulen) starta 1. september 2021. Rektor ved Kvinnherad vgs er engasjert som prosjektleiar i perioden 01.09.21 - 31.07.2022. PS-sak 52/21 er nytta som grunnlag for prosjektplan og aktivitetar i forprosjektet. I første del av forprosjektet er det vektlagt å gå gjennom, utgreie og identifisere fag- og opplæringsområde som fylkeskommunen har ansvar for som kan vere aktuelle for nettilbod. I denne saka vert funna så langt presentert samt at det vert gjort framlegg om etablering og organisering av Nettskulen i Vestland.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør**Bjørn Lyngedal**
avdelingsdirektør
Opplæring og kompetanse (OPK)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I juni 2021 i PS-sak 52/21 «Framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune» (PS-sak 52/21) vedtok fylkestinget:

1. Vestland fylkeskommune ønskjer å utvikle eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod elevar og lærlingar - Nettskulen i Vestland.
2. Under føresetnad av at nettopplæringstilbodet vert prioritert i budsjett 2022 og økonomiplanen, vil Vestland fylkeskommune opprettar ein prosjektorganisasjon for å utvikle nettskulen i Vestland, med oppstart hausten 2021. Kostnader for 2021 vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.
3. Fylkestinget ber administrasjonen sjå på ulike alternativ for lokalisering av prosjektorganisasjonen, og sjå om det er mogleg å få til ei desentralisert lokalisering

Forprosjekt for Nettskulen i Vestland (Nettskulen) starta 1. september 2021. Rektor ved Kvinnherad vgs er engasjert som prosjektleiar i perioden 01.09.21 - 31.07.2022. PS-sak 52/21 er nytta som grunnlag for prosjektplan og aktivitetar i forprosjektet. I første del av forprosjektet er det vektlagt å gå gjennom, utgreie og identifisere fag- og opplæringsområde som fylkeskommunen har ansvar for som kan vere aktuelle for nettilbod. Målet er at nettilboda skal gje betre kvalitet, auka fleksibilitet, meir likeverdige tilbod og styrka breidde.

Slik det er vist til i PS-sak 52/21 er så langt ikkje potensialet innan nettundervisning utnytta fullt ut i Vestland fylkeskommune.

Tilbod om nettbaserte fag i Vestland skuleåret 2021/22.

Vestland fylke har skuleåret 2021 – 2022 tilbod om fag på nett for elevar på studieførebuande utdanningsprogram og fag som gjev generell studiekompetanse for vaksne elevar.

For studieførebuande utdanningsprogram er det tilbod innan språkfag, vg1 - vg3 som dei vidaregåande skulane i fylket normalt ikkje har elevgrunnlag for å tilby. (Fransk III, Spansk III, Tysk III, Kinesisk I til III, Japansk I og II). I tillegg til språkfaga er det tilbod om matematikk R1 for elevar som har forsert matematikk (DVM 1T) i 10. klasse og Vg1-elevar skuleåret 2021/22.

Fylkeskommunen har òg eit særskilt nettilbod til elevar som er for sjuke til å kunne klare å følge ordinær studieførebuande opplæring. Dette tilbodet omfattar faga norsk, matematikk, historie, naturfag, samfunnsfag og engelsk.

Vaksenopplæringa har nettbaserte tilbod i norsk, engelsk, matematikk, naturfag, historie og samfunnsfag. Eit av tilboda er særskilt retta mot elevar med rett til vg4 påbygg.

Utover nemnte tilbod, samarbeider og prøver nokre skular ut såkalla **hybride undervisningsmodellar**. I desse modellane vert undervisninga i fag delt mellom skulane. Lærar ved den eine skulen (skule A) underviser elevar ved eigen skule i klasserommet, medan elevane ved den andre skulen (skule B) følgjer undervisninga via nettet. I neste undervisningsøkt er det elevane ved skule B som har undervisning i klasserom, medan elevane ved skule A får opplæringa via nett. Elevane ved begge skulane har høve til å kommunisere via nett får å få hjelp av lærar.

Potensialet innanfor nettbasert opplæring i Vestland fylkeskommune.

I første del av forprosjekt for Nettskulen i Vestland er det særskilt blitt sett på og vurdert kva ansvarsområde som vil ha nytte av ei omorganisering av dagens nettundervisning, og innan kva område det er behov for nye tilbod.

I forprosjektet er områda kategorisert ut frå ansvarsområda fylkeskommunen har i opplæringslova. Desse områda er vurdert med omsyn til at noko av opplæringa kan bli ivaretatt som nettbaserte kurs. Følgjande område er vurdert:

1. Elevar med ungdomsrett til vgs;
 - fellesfag- og teoriopplæring for lærlingar og praksiskandidatar
 - elevar med behov for særskilte fag (avbrot og kryssløp)
 - program- og språkfag for studiespiralisierende (og påbygg)
 - påbygg vg4 (for dei som har fagbrev)
 - opplæring i manglande fag for ikkje kvalifiserte elevar (manglar fag)
2. Elevar med ungdomsrett og utvida behov for tilrettelegging;
 - elevar med tidsavgrensa behov for utvida tilrettelagt opplæring
 - opplæring elevar med enkeltvedtak (helse)
 - støtteundervisning for elevar med kort butid og framandspråklege elevar
3. Elevar med vaksenrett;
 - vaksenopplæring med mål om generell studiekompetanse
 - vaksenopplæring med mål om fagbrev
 - vaksenopplæring, vaksne med kort butid og framandspråklege elevar
4. Andre opplæringsområde:
 - forsering av fag elevar frå ungdomstrinnet
 - nettbasert leksehjelp
 - nettbaserte rettleiings- og hjelpetenester

Ut frå dialog og tilbakemeldingar frå interne og eksterne interessentar i prosjektet, er det utover dei tilboda som allereie er etablert, størst behov for nye nettbaserte fagtilbod innan desse områda:

- Fellesfag- og teoriopplæring for lærlingar og praksiskandidatar.
Skuleåret 2021 – 2022 er det om lag 350 elevar som har utvida læretid i bedrift. Dette er elevar som anten går direkte frå ungdomskule (FOB) eller vg1 (FOB1) og over i lære. Desse elevane skal i løpet av læretida i tillegg til fagopplæringa ha opplæring i fellesfaga, engelsk, naturfag, matematikk, norsk og samfunnskunnskap. Nettbaserte tilbod innan desse faga vil gje elevar/lærlingar, bedrifter, opplæringskontor og skular større fleksibilitet for gjennomføring av opplæringa. Spesielt i område i fylket der det er utfordrande å få til desse fagtilboda ved ein skule.
- Elevar med behov for særskilte fag (avbrot og kryssløp).
Skuleåret 2021-2022 har forprosjektet for nettskulen etablert ein pilot for periodisitet engelskopplæring for elevar på vg2 yrkesfag med avbrot i opplæringa skuleåret 2020-2021. (Overgangsordning Kunnskapsløftet til fagfornyinga.) Denne elevgruppa fordeler seg over store delar av fylket, og den nettbaserte opplæringa sikrar elevane standpunkt karakter og naudsynt årstimal i faget for å få utskrive kompetansebevis. Det vil vere behov for tilsvarende kurs dei kommande skuleåra òg.

Vi ser at det er behov for tilsvarende tilbod om supplerande fag (5 timar programfag) for elevar som går frå vg1 studieførebuande til vg2 kjemiprosess- og laboratoriefag. For andre yrkesfaglege programområde har elevar på vg1 studieførebuande høve til å søke vg2 yrkesfag under ordninga med kryssløp frå studieførebuande til yrkesfag. Dette er ei ordning som i liten grad vert nytta i Vestland fylke, ettersom eleven må ha 196 årstimar med yrkesfagleg opphenting om dette skal vere mogleg. Nettskulen vil kunne medverke auka bruk av kryssløp ved at delar av faget kan tilbydast som nettfag.

- Opplæring i manglande fag for ikkje kvalifiserte elevar.
Rettleiingstenesta Indre vestland har hausten 2021 hatt tilbod om opplæring i matematikk og naturfag for elevar som ikkje har bestått vg1. Opplæringa er gjeven i form av eit digitalt læringsssenter. Læringsssenteret har tilbode gratis nettundervisning til elevgruppa med mål om at elevane skal kunne gå opp til eksamen. Ordninga har vore ei forsøksordning, men

formål og modell for tiltaket bør vidareførast i nettskulen som eit tiltak for auka gjennomføring. Eit slikt tilbod vil òg vere samanfallande med intensjonane i fullføringsreforma.

- Program- og språkfag for studiespiraliserande og påbygg. Vidaregåande skular med ein til to klassar på kvart nivå på dei studieførebuande utdanningsprogramma kan ha utfordringar med å tilby breidde i programfaga. For skular i distrikta kan svingingar i årskull gjere det vanskeleg å opprettehalde stabile tilbod. Enkelte skular melder òg om tilsvarande utfordringar for framandspråk på vg1 og vg2. Det vart i januar gjennomført ei undersøking blant skulane i fylke. Denne viser at det er behov for eit større tilbod om programfag på nett.
- Støtteundervisning for elevar med kort butid og andrespråkselever. Elevar med kort butid og framandspråklege elevar kan ha behov for ekstra støtte og hjelp for å fullføre og bestå opplæringa på normert tid. I forprosjektet er det sett på ulike modellar for nettbasert leksehjelp og støtteopplæring. Nettskulen vil mellom anna kunne legge til rette for nettbasert morsmålsstøtte på tvers av skular. For skular som ikkje har tilgang til denne typen støtte i dag vil dette vere til god hjelp med omsyn til den enkelte elev sine føresetnadar for å fullføre opplæringa.
- Vaksenopplæring
Behova for og omfanget av vaksenopplæring vil auke i åra framover. Intensjonane i fullføringsreforma tilseier at fylkeskommunen vil få utvida ansvar for å kvalifisere og rekvalifisere fleire unge og vaksne. For vaksne elevar vil behovet for fleksibilitet vere gjennomgåande. Det vil òg vere behov å kunne tilby opplæring av høg kvalitet som tek omsyn til den enkelte elev sine individuelle behov for tilpassing, og som er i samsvar med endra kompetansebehov i arbeidslivet. Etablering av Nettskulen vil vere eit tiltak for at fylkeskommunen skal kunne ivareta denne oppgåva. Nettbasert opplæring vil sikre likeverdige tilbod uavhengig av geografiske og demografiske tilhøve i Vestland fylke. I forprosjektet er modellar for nettbasert opplæring innan desse områda vurdert for oppstart hausten 2022:
 - Nettbaserte tilbod med utgangspunkt i Gloppen-modellen (tannhelsesekretær).
 - Modulbasert fleksibel vaksenopplæring for studiekompetanse.

Nettbasert fjernundervisning i opplæringslova.

I opplæringslova og forskrift er det høve til å organisere opplæringa som fjernundervisning i og på samisk, finsk, og kvensk, samt morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring når opplæringa ikkje kan gjevast av eigna undervisningspersonale på skulen. Forskrift til Oppl § 7-1. Dagens opplæringslov opnar òg for at grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne kan gjevast som fjernundervisning. Utover dei tilfella der fjernundervisning eksplisitt vert tillete, er ikkje fjernundervisning regulert i opplæringslova.

I «skriftlege spørsmål til skriftlege besvarelser med svar», Stortinget (2017–2018) 3 vart det stilt spørsmål til kunnskapsminister Henrik Asheim om fylkeskommunar kan tilby video- og fjernundervisningstilbod i enkelte fag ut frå gjelande lovtekst. Spørsmålet er relatert til bruk av video- og fjernundervisning for å oppretthalde breidde og valmoglegheiter for elevar ved distriktskular når elevtalet er lågt. Jamfør Kunnskapsministeren sitt tilsvaer «er det ikkje forbode å benytte undervisning per videolink eller andre typar fjernundervisning i begrensa deler av opplæringa i fag i VGO». Fjernundervisning skal likevel ikkje vere den einaste forma for undervisning elevane møter. Avgrensing i høve til nytte fjernundervisning skal sikre elevane tett fagleg oppfølging, tilpassa opplæring og tilstrekkeleg sosial tilhøyring til si gruppe og skule.

Elevane sine rettar skal vere sikra når fylkeskommunen og skular vel å tilby nettundervisning i visse delar av opplæringa. Det er òg ulik praksis, omfang, og i kva grad dei ulike fylkeskommunane har tilbod om nettbasert fjernundervisning utover dei faga som er nemnt spesifikt i lova.

I høyringsutkastet til ny opplæringslov vert det i § 14.4 vist til «at det må vere gode grunnar til å gjennomføre opplæringa som fjernundervisning, betyr at fordelane for elevane må vere større enn

ulempene ved å gjennomføre opplæringa slik. Fordelar kan mellom anna vere høve til å få tilbod i fag som elles ikkje ville vore mogleg, og høve til få betre tilpassing ut frå nivå.»

Behovet for fleksibel og framtidsretta opplæring i Fullføringsreforma - Stortingsmelding 21 (2020-2021)

I stortingsmeldinga om fullføringsreforma vert nettundervisning / fjernundervisning omtala som opplæringsalternativ for elevar med ungdoms- og vaksenrett.

Stortingsmeldinga viser til at erfaringar frå koronapandemien tilseier at digitale opplæringstilbod ikkje bør vere hovudtilbod, men eit supplement til fysisk undervisning når det er gode grunnar til det. Stortingsmeldinga viser òg til at meir bruk av fjernundervisning vil gjere det enklare for fleire elevar å få tilgang til ei større mengde fag om desse ikkje kan tilbydast fysisk ved alle skular.

Digitale opplæringstilbod kan òg bidra til å oppretthalde elevtalet ved mindre skular, sidan elevane også kan få moglegheit til å velje fag skulen ikkje har fysisk tilbod om. For elevar som skal ha opplæring i eit heilt fag gjennom fjernundervisning, vil det vere aktuelt å kombinere slik undervisning med fysisk samhandling mellom lærar og elevar i det aktuelle faget.

Ei auka satsing på fjernundervisning vil òg kunne bidra til meir relevans i framandspråkopplæring. Auka merksemd på moglegheitene som ligg i fjernundervisning vil kunne gje elevane tilgang til autentiske språk og moglegheit for å kommunisere med personar som har det aktuelle framandspråket som morsmål. Dette i kombinasjon med lærings-/mobilitetsopphald i relevante land kan styrkje kvaliteten på framandspråkopplæringa. Bruk av meir nettbaserte tilnærmingar i språkopplæringa vil òg kunne auke breidda innanfor dei språka elevane kan få opplæring i.

Organisering av Nettskulen

Etablering av Nettskulen i Vestland vil bidra større breidde og meir fleksible og likeverdige opplæringstilbod for mange elevgrupper i fylkeskommunen. Organisering av all nettbasert opplæring under ein eigen skule vil vere eit viktig tiltak for at Vestland fylke skal kunne ivareta det framtidige opplæringsansvaret slik dette kjem fram i fullføringsreforma.

Nettskulen vil ha eit supplerande og utfyllande fagtilbod for alle elevgrupper i fylket. Dei vidaregåande skulane vil vere leverandørar av fag og opplæring som vert tilboden av Nettskulen.

Fylkesdirektøren rår til at Nettskulen vert organisert som ei desentralisert eining, der leiingsadministrasjons, undervisningsressursar er lokalisert ved fleire einingar over heile fylket. Nettskulen skal ha eigen rektor.

Budsjett for drifta av Nettskulen i Vestland 2022 og 2023 i mill.kr.:

	Hausten 2022	Heilårsverknad frå 2023
Rektorstilling – Nettskulen i Vestland	0,60	1,25
Administrasjonsressursar og driftskostnader	0,15	0,30
Kompetanseheving og nettverksamlingar	0,05	0,10
Læremiddel, lisensar utprøving av samarbeids- og læringsplattformer	0,15	0,30
Total driftskostnad	0,95	1,95

Investering i lærings- og undervisningsfasilitetar (IKT- utstyr) -om lag kr 65 000 per læringsstad	0,40	0,20
Total investeringskostnad	0,40	0,20

Fag- og oppstartsaktivetar skuleåret 2022 - 2023

Første driftsår er målsettinga at Nettskulen skal ta hand om eksisterande nettilbod og utvikle og modellere nye pilotprosjekt for nye tilbod.

1. Eksisterande nettilbod.
 Dette omfattar studiekompetansefaga for vaksne og nettstudietilbodet for elevar som er for sjuke til å kunne følgja ordinær opplæring, ved Fyllingsdalen vgs. Tilsvarande vil dagens språkfag og matematikk R1 som ligg under Nettundervisning VLFK, bli tatt inn i nettskuleporteføljen. Skulane som tilbyr denne undervisinga i dag vil skal levere dette som del av tilbodet i Nettskulen. Dvs. undervisning og fagleg oppfølging vil bli gitt av tilbydarskule.
2. Utvikle og modellere - oppstart av pilotprosjekt for nye tilbod.
 I forprosjektet er behov for, og nytta av nye nettfag kartlagt. Det er naturleg at Nettskulen det første driftsåret prioriterer fag innan dei områda vi på kort sikt ser størst nytteverdi. Det vil for desse faga bli starta opp pilotar for å utvikle undervisningsmodellar som skal ha god kvalitet og høg gjennomføring for elevgruppa.

Tilboda som er planlagt er:

- Pilot for nettbasert opplæring i fellesfag for elevar med særlop eller full opplæring i bedrift. På vg1 omfattar dette faga: Engelsk – 140 årstimar, naturfag – 56 årstimar, matematikk – 84 årstimar. På vg2 omfattar dette faga: Norsk – 112 årstimar og samfunnskunnskap 84 – årstimar. Det er planlagt for ein pilotklasse på kvart av nivåa.
- Pilot for nettbasert opplæring i språk- og programfag for studieførebuande programområde. Aktuelle fag: Vg2 og Vg3 Påbygg: Psykologi 1 med 140 timar som nettfag. Vg3 Real: Kombinert modell for Fysikk 2 med 84 årstimar (3 underv.timar) som nettundervisning og 56 årstimar (2 veketimar) undervisning på skule.
- Pilot for fagopplæring for vaksne med utgangspunkt i Gloppenmodellen. Nettbasert og desentralisert vekslingsmodell innan fagområde tannhelsesekretær. Tilbodet er eit samarbeidsprosjekt med NAV og Firda vgs.

Mål for alle pilotane er å opparbeide erfaringsgrunnlag for kva som gjev god organisering, tilrettelegging og gjennomføring av nettbasert opplæring for omtala elevgrupper. Erfaringsgrunnlaget vil bli nytta i vidare utvikling og modellering av fag og innhald som skal inngå i nettskulen sin framtidige fagportefølje.

Meirkostnader planlagde pilotprosjekt nye fagtilbod skuleåret 2022 – 2023 i mill kr:

Planlagde pilotprosjekt nye fagtilbod 2022/23	Hausten 2022	Våren 2023	Skule-året 22/23
Fellesfag – opplæring i bedrift vg1 og vg2	0,4	0,5	0,9
Programfag: vg2 og vg3 studieførebuande/vg3 påbygg	0,2	0,3	0,5
Fleksibel nettbasert tannhelsesekretær – Gloppen modellen	0,3	0,5	0,8
Totalt	0,9	1,3	2,2

Andre fagtilbod innanfor vgs og vaksenopplæring som skal inkluderast i Nettskulen, er finansiert i driftsbudsjettet for 2022, inneverande skuleår utgjer dette om lag 7- 8 mill. kr. Fylkesdirektøren ser for seg at meirkostnaden med pilotprosjekta kan finansierast av statlege løyvingar til permitterte og ledige.

Innhald og utvikling etter første driftsår

Etablering av Nettskulen i Vestland vil vere eit viktig tiltak for at fylkeskommunen skal vere i posisjon til å løyse framtidig opplæringsansvar slik dette er initiert i Fullføringsreforma. I fullføringsreforma vert det vist til at vidaregåande opplæring ikkje er godt nok tilpassa vaksne. Vaksne elevar har ofte behov for større fleksibilitet som mogleggjer kompetanseheving over tid og til tider som passer den enkelte eleven. Nettbasert vaksenopplæring både i fagopplæringa og innan dei faga som gjev studiekompetanse kan gje auka støtte slike behov. Til dømes tilbyr i dag Nordland fylkeskommune store delar av vaksenopplæringa som nettundervisning ut frå desse omsyna. Det er mange faktorar som tilseier at tilsvarande modellar kan fungere godt i Vestland fylke. Nettskulen vil over tid kunne

utvikle og ha ein betydeleg portefølje av fag som er fleksible, modulbasert og tilpassa vaksengruppa.

Utprøvinga av fellesfag for elevar med utvida læretid i bedrift vil gje god erfaringar om korleis nettbasert opplæring vil fungere for denne elevgruppa. I punkt 2.3 i st.mld. 21, Fullføringsreformen, vert det vist til at dagens fagopplæring ikkje dekkjer elevane, lærlingane og arbeidslivet sine behov godt nok. Nettbasert opplæring i fellesfag og delar av programfaga (vg2 og vg3) vil gje opplæringskontor og lærebedrifter auka fleksibilitet og moglegheit for å ta større ansvar for fagopplæringa. Spesielt vil dette vere aktuelt innanfor mindre fagområde der det til dømes er lang reiseveg til næraste skule med vg2-tilbod for eit fagområde. Pilotprosjekta for skuleåret 2022-2023 i fellesfag på yrkesfag vil vere viktige med omsyn til å utvikle gode modellar for slik opplæring.

Eit utvida tilbod av nettbaserte språk- og programfag for elevar innanfor studieførebuande vil kunne bidra til at fleire elevar får oppfylt ønskjer og fagleg fordjuping ved ein skule i nærområdet. Eit utvida tilbod innan desse fagområda kan for elevar ved skular i distrikta vere av betydning med omsyn til val av skule. Større breidde i språk og programfag vil òg kunne vere av betydning for fullføring og gjennomføring. Nettfag som i større grad er samanfallande med elevane sine fagønsker kan slik sett bidra til auka gjennomføring innanfor fagområde studieførebuande og påbygg, spesielt for elevar med svake faglege føresetnader. (Ref 2.1 i st.mld. 21 Fullføringsreformen)

Utover områda som er omtala ovanfor vil det vere potensiale for auka bruk av nettundervisning innan alle område som er nemnt i avsnitt « Potensialet innanfor nettbasert opplæring i Vestland fylkeskommune » i denne saka. Dette er tiltaksområde som det vil bli arbeide vidare med i oppstartsåret.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har vedtakskompetansen jf. Reglement for fylkestinget kap. 2

Vurderingar og verknader

Økonomi:

I saksutgreiinga PS-sak 52/21 vert det under økonomi vist til at:

«Ved å tilby opplæring over nett vil det kunne vere mogleg for fleire å delta i og fullføre opplæring grunna personleg økonomi. Det vert enklare å delta i opplæring som er fleksibel og som kan gjennomførast utan å måtte ta fri frå jobb, ta i vare omsorgsoppgåver eller å måtte reise langt.»

Vidare vert det vist til at:

«Elevar kan få dei programfaga dei treng utan å måtte søke seg til andre skular enn nærskulen sin. Vestland fylkeskommune vil kunne tilby opplæring til fleire og halde nede utgiftsnivået med eit nettbasert tilbod. Dei økonomiske hovudfordelane ved å ha ei godt utbygd nettbasert opplæring er å få nytta lærarressursar på tvers av skular og sleppe å oppretta små fag på skulane.»

Nettskulen skal ikkje vere eit innsparingstiltak, men den skal heller ikkje bidra til auka kostnader i avdelinga. Etablering av Nettskulen er først og fremst eit tiltak for auka fleksibilitet, større breidde og meir likeverdig tilbod i heile fylket.

Fylkeskommunen nyttar i dag anslagsvis mellom 7 og 8 millionar kr. på nettbasert opplæring for vaksne og ungdom. Vidaregåande skular som har elevar som får framandspråkopplæring på nett betalar i dag ein sats per elev for dei elevane som deltek i denne opplæringa. Det vert lagt til grunn at ein tilsvarande modell kan nyttast for nye programfag i regi av nettskulen.

For elevar som har full opplæring i bedrift vert det gjort ei bidragsavrekning opp mot lærebedrifta/opplæringskontoret sitt lærlingtilskott basert på tal timar teoriopplæring. Denne delen av lærlingtilskottet dekkjer opplæring som etter avtale vert tilbode i skule. (Fellesfag eller deler av programfag.) Denne modellen kan òg nyttast for finansiering av fag som vert tilbodne på nett.

Vaksenopplæringa gjer eigne avvegingar i budsjettet opp mot kva fag og opplæringsløp som skal vera nettbasert, og kva del av opplæringa som skal tilbydast fysisk på skule.

Framtidige kostnadar vil i stor grad vera relatert til omfang av fag som skal tilbydast som nettopplæring. For nettbaserte tilbod som blir etablert ved innføring av fullføringsreforma, er det forventa at statlege bidrag skal finansierer desse.

I 2022 er det trong for om lag 1,35 mill. kr. til drift, administrasjon og investeringar. For 2023 er det trong for om lag 2,15 mill. kr.

Planlagde pilotprosjekt i skuleåret 22/23 har ein kostnad på 0,9 mill. kr. for hausten 2022, heilårsverknad for 2023 er 2,2 mill. kr. . Fylkesdirektøren ser for seg at meirkostnaden med pilotprosjekta kan finansierast av statlege løyvingar til permitterte og ledige. Utviding av tilbodet vil krevje ytterlegare finansiering.

Klima:

Eit breiare fagtilbod i form av nettundervisning vil kunne redusere behovet for reising. Etablering av nettskulen i Vestland kan såleis gje ein positiv effekt i klimarekneskapen for Vestland.

Folkehelse:

Nettskulen vil bidra med større breidde i fag og kunne tilby meir fleksible i opplæringsløp for ungdom og vaksne i heile Vestland fylke. Elevar og læringar vil i auka grad kunne få opplæringa ved ein vidaregåande skule i nærområde og/eller ved andre opplæringslokalitetar når behova tilseier dette. I St.meld. 21 om fullføringsreforma vert det i avsnitt 2.4 vist til at VGO i for liten grad er tilpassa den mangfaldige elevgruppa. Likeins vert det i 2.5 vist til at VGO ikkje er godt nok tilpassa vaksne. Mangelfull tilpassing av opplæringa sett opp mot den einskilde elev sine fysiske og psykiske behov har innverknad både på gjennomføring og eiga helse.

Nettskulen vil vere eit tiltak for fleksibel opplæring, auka fullføring, livsmeistring og trivsel i for alle elevgrupper i Vestland.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ein ny modell for organisering av nettbasert opplæring er i samsvar med fleire av måla i utviklingsplanen. Nettskulen i Vestland kan vere eit viktig tiltak for å sikre likeverdige opplæringstilbod og lik tilgang til kompetanseheving i heile fylkeskommunen. Nettskulen vil kunne medverke til utjamning av demografiske skilnadar i fylket. Jamfør målområde 1, strategi 1.2 skal Vestland bidra til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

Som ein nyskapande og berekraftig fylkeskommune er det viktig at alle har lik tilgang til opplæring og utdanningsveggar som er relevante. God og framtidretta kompetanse er viktig for å ivareta berekraft i heile samfunnet. God og framtidretta kompetanse vil òg medverke til næringsutvikling og ein arbeidsmarknad som kan ivareta endringsbehova relatert til det grønne skifte.

Etablering av Nettskulen i Vestland vil i stor grad vera innanfor mål 4 i utviklingsplanen - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping. Nettskulen vil på mange område vere eit tiltak for å oppfylle strategien om at «Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring» .

Opplæringstilboda i Vestland skal vere tilpassa behova i det lokale arbeidslivet. For ein del mindre utdaningsområde vil Nettskulen kunne gje tilgang til stabil, relevant og opplæring og kompetansebygging som igjen kan motivere ungdom og vaksne til å satse på utdanning og yrkeskarriere i eigen region.

Temaplan «Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring», Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 -2025.

Formålet for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune er å fornye og forbetre for å auke gjennomføringa. Samfunnsoppdraget for Vestland seier at vi skal setje retning, engasjere og samhandle for å utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland.

Temaplanens første mål 1 viser til at: «Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø» Jamfør strategi 1.3 skal «Fleksible og differensiert opplærings- og undervisningsordningar kvalifisere fleire». Det vert for mål 1 vist til: «For at alle elevar og lærlingar skal ha eit godt utbytte av opplæringa, er det nødvendig med fleksibilitet. Vidaregåande opplæring skal bruke moglegheitene til å skape meir fleksible og differensierte ordningar slik at elevar og lærlingar lærer meir og betre. Dei ulike opplæringsarenaane skal samarbeide om læringsressursane, til dømes ulik kompetanse og bruk av den beste teknologien for å gje eit breiast mogeleg tilbod.»

Konklusjon

Forprosjektet for Nettskulen i Vestland syner at delar av både dagens og framtidens opplæringsbehov kan gjennomførast som nettbasert opplæring. Etablering av Nettskulen i Vestland vil bidra større breidde, meir fleksible og likeverdige opplæringstilbod for mange elevgrupper i fylkeskommunen. Organisering av all nettbasert opplæring under ein eigen skule vil vere eit viktig tiltak for at Vestland fylke skal kunne ivareta det framtidige opplæringsansvaret slik dette framkjem i fullføringsreforma.

Nettskulen vil ha eit supplerande og utfyllande fagtilbod for alle elevgrupper i fylket. Dei vidaregåande skulane vil vere leverandørar av fag og opplæring som vert tilboden av nettskulen. Skulen skal vere organisert som ei desentralisert eining, der leiings- administrasjons, undervisningsressursar er lokalisert ved fleire einingar over heile fylket. Nettskulen skal ha eigen rektor.